



# Masfjorden kommune

## Tilleggsinnkalling av Kommunestyret

**Møtedato:** 31.10.2016  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 15:45 - 18:45

Det vert sett fram mat i starten av møte.

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til [anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no](mailto:anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

084/2016 Spesialpedagogisk kompetanse i skular og barnehagar

26. oktober 2016

Karstein Totland  
møteleiar

Anne Kristin Rafoss  
sekretær

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FE - 430, FA - B01	16/835

Saknr	Utval	Type	Dato
084/2016	Kommunestyret	PS	31.10.2016

### Spesialpedagogisk kompetanse i skular og barnehagar

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek tilbakemeldinga frå rådmannen til orientering.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn/ Fakta

I kommunestyremøtet 22. juni 2016 stilte representanten Bjørn Egil Nordland følgjande spørsmål til ordføraren:

«I sak 025/2015 vart det gjord fylgjande vedtak:

Masfjorden kommune går inn for å styrka spesialpedagogisk kompetanse i skular og barnehagar.

Målsettinga med dette er å redusere behandlingstida for dei som har behov for dette, samt å oppnå betre bruk av kompetanse på rettleiing og kartlegging. Dette skal gjerast ved å bruke kompetanseutviklings-plan for skulane og Plan for strategisk kompetansestyring.

Dette skal evaluerast om eit år.

Grunngjeving: Kommunestyret har tidligare fått signal om det er for lang ventetid på PPT. Lang ventetid for unge som har eit behov, kan føre til konsekvensar som kommunen ikkje ynskjer.

Som vedtaket seier skulle det her vera ei evaluering etter eitt år. Er denne evalueringa gjort og kva var i så tilfelle resultatet?»

Ordføraren lova å ta saka opp på neste møte. Saka vart ikkje ferdig til kommunestyremøtet 28. september. I etterkant av det møtet har rådmannen innhenta opplysningar frå skulane og barnehagane om korleis situasjonen er no.

##### Skulane:

**Nordbygda skule** har 1 tilsett med 2. avd. spes.ped, dvs. 120 studiepoeng, 1 lærar har 60 studiepoeng og 3 lærarar har 30 studiepoeng kvar. Rektor melder at skulen bruker kompetansen til desse lærarane både i klassane og til spes.undervisning, men at skulen også har lærarar utan utdanning i spes.ped som har timar med elevar med særskilte behov. Ho vil sjå på korleis ein kan nytta den spesialpedagogiske kompetansen på best måte. Skulen har nokre elevar med svært samansette lærevanskar. Det må vera eit mål å skulera heile personalet meir innan tilpassa

opplæring. Samarbeidet med PPT er godt, og ho synest det ikkje er noka ventetid å snakka om.

**Matre skule** har 3 pedagogar med minst 30 studiepoeng innan spesialpedagogikk. Det meiner rektor er tilstrekkeleg til å dekkja dei behov som er på skulen. Ein av dei er også sertifisert til å ta ein del testar. Samarbeidet med PPT fungerer betre enn før. Dei får svar, tips og råd om dei tek kontakt med PPT. I ventetida har dei folk som prøver ut tiltak, set i gang tiltak og testar ut det som er naudsynt for at PPT kan gjera sitt arbeid.

**Sandnes skule** har tre lærarar med 30 studiepoeng i spesialpedagogikk. Den eine av dei tok vidareutdanning i faget sist skuleår. Samarbeidet med PPT er godt. Det er kort veg mellom skule og PPT, slik at ein kan rådføra seg med tilsette der om spørsmål knytt til både organisering og innhald i undervisninga.

#### Barnehagane:

**Nordbygda barnehage** har ingen tilsette med spes.ped. i fagkrinsen. God kontakt med PPT. Synest ikkje ventetida er lang.

**Indre Masfjorden barnehage** har ein tilsett med 30 studiepoeng i spes.ped og ein med 60 studiepoeng. Slik sett skal behovet for spes.ped-kompetanse vera dekkja. Problemet er at barnehagelæraren med 30 studiepoeng også er pedagogisk leiar for ei avdeling. Det er ikkje lett av praktiske årsaker å kombinera desse oppgåvene. I mange tilfelle meiner styrar at ventetida er for lang, det gjeld særleg oppfølging og tilbakemelding etter kartlegging og observasjon.

**Sandnes barnehage** har ingen tilsette med vidareutdanning i spes.ped. Men samarbeidet med PPT er godt, og barnehagen får rettleiing derfrå slik at ein klarar å finna gode ordningar og tilrettelegging. Ventetida ved oppmelding av nye barn kan vera lang, litt avhengig av kven som har saka hos PPT. God oppfølging for dei borna som er komne inn i systemet.

#### **Vurdering**

Tilbakemeldingane frå rektorar og styrarar fortel at den spesialpedagogiske kompetansen i skule og barnehage er ulikt fordelt. Alle skulane har nokre lærarar med utdanning i spes.ped, men dei same lærarane er gjerne på same tid også kontaktlærarar og faglærarar. Det er nok rett som rektor på Nordbygda skule seier, at ein må sjå på korleis ein bruker den spesialpedagogiske kompetansen ein har på skulen. Barnehagane har lite spes.ped-kompetanse. Det ein har, er knytt til ein barnehage. Også i barnehage er det slik at ein barnehagelærer har fleire oppgåver. Skal ein få gjort full nytte av den spesialpedagogiske kompetansen, må spesialpedagogen frigjerast for ein del andre oppgåver. Dermed må ein tilsetja fleire barnehagelærarar.

Det kjem fram i tilbakemeldingane at det er lite samarbeid mellom skule og barnehage når det gjeld spesialpedagogikk. Det er nok eit svakt punkt i vår organisasjon. Det burde gå an at barnehagane fekk gjera seg nytte av den kompetansen som finst på skulen dersom det var nødvendig. Heller ikkje barnehagane i mellom og skulane imellom har me noko utveksling av kompetanse. Også eit slikt samarbeid vil føra med seg utgifter.

Det er gledeleg at både skular og barnehagar opplever samarbeidet med PPT som godt, og at ein kan få råd og rettleiing frå PPT til å setja inn tiltak i den tida ein ventar på utgreiing og oppmelding. I desse dagar vert det lyst ledig ei stilling som spesialpedagog innan PPT. Det vil styrka bemanninga og

vera med på å korta ned ventetida.

### **Konklusjon**

Samla sett har skulane i Masfjorden god spesialpedagogisk kompetanse. Spørsmålet er meir om me utnyttar kompetansen godt nok, både på den einskilde skulen og på tvers av skulane. Dette må rektorane sjå på både kvar for seg og i lag. Meir kompetanse innan spes.ped må vektleggast i kompetanseutviklingsplanen.

2 av barnehagane treng meir spesialpedagogisk kompetanse. Det må ein søkja etter ved utlysing av stillingar, og elles må ein motivera barnehagelærarar til å ta vidareutdanning på dette feltet.

Ei styrking av den spesialpedagogiske kompetansen og å bruka den på ein annan måte enn me har gjort, vil kosta pengar. Kommunestyret må vurdere om ein skal bruka pengar på å auka talet på stillingar i skule og barnehage innan det spesialpedagogiske feltet. Budsjettet for 2017 må då tilførast tilstrekkelege midlar til dette.